



Arkivsaknr: 2023/1280-23
Sakshandsamar: Magnhild Aspevik
Avdeling: Felles landbrukskontor ÅLA

SAKSFRAMLEGG

Vilkår for Aurlandsreguleringen – begrensa høyring – landbru over Kongshellersundet og produksjonspotensiale for laks og sjøaure i Vassbygdelvi

Utvalssak	Utval	Møtedato
9/26	Formannskapet	04.02.2026
7/26	Kommunestyret	12.02.2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Aurland kommune tilrår at det vert sett vilkår for bygging av landbru over Kongshellersundet. Dette er eit tiltak som vil betra leveområde til villreinen i Nordfjella, slik at dei kan ta i bruk att dette viktige leve og oppvekstområde i framtida.
2. Aurland kommune tilrår at det vert sett vilkår om årsikker vassføring i Vassbygdelvi, med fastsetting av minstevassføring. Og det må settast vilkår om at sideelva frå Midjedalen og bekkar i Vassbygdi, skal tilretteleggast som oppvekstområde for laks og sjøaure. Desse tiltaka vil gje grunnlag for at vassdraget blir eit viktig oppvekst og leveområde for laks og sjøaure i framtida.

Handsaming i Formannskapet - 04.02.2026:

Det blei røysta over kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Aurland kommune tilrår at det vert sett vilkår for bygging av landbru over Kongshellersundet. Dette er eit tiltak som vil betra leveområde til villreinen i Nordfjella, slik at dei kan ta i bruk att dette viktige leve og oppvekstområde i framtida.
2. Aurland kommune tilrår at det vert sett vilkår om årsikker vassføring i Vassbygdelvi, med

fastsetting av minstevassføring. Og det må settast vilkår om at sideelva frå Midjedalen og bekkar i Vassbygdi, skal tilretteleggast som oppvekstområde for laks og sjøaure. Desse tiltaka vil gje grunnlag for at vassdraget blir eit viktig oppvekst og leveområde for laks og sjøaure i framtida.

For forslaget stemte 5: Kjell Bøe Bjørgum (AP), Therese Turlid (AP), Johannes Dalsbotten (H), Monica Finden (H), David Underdal (Sp).

Dermed blei innstillinga vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 04.02.2026:

1. Aurland kommune tilrår at det vert sett vilkår for bygging av landbru over Kongshellersundet. Dette er eit tiltak som vil betra leveområde til villreinen i Nordfjella, slik at dei kan ta i bruk att dette viktige leve og oppvekstområde i framtida.

2. Aurland kommune tilrår at det vert sett vilkår om årsikker vassføring i Vassbygdelvi, med fastsetting av minstevassføring. Og det må settast vilkår om at sideelva frå Midjedalen og bekkar i Vassbygdi, skal tilretteleggast som oppvekstområde for laks og sjøaure. Desse tiltaka vil gje grunnlag for at vassdraget blir eit viktig oppvekst og leveområde for laks og sjøaure i framtida.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

3. Aurland kommune tilrår at det vert sett vilkår for bygging av landbru over Kongshellersundet. Dette er eit tiltak som vil betra leveområde til villreinen i Nordfjella, slik at dei kan ta i bruk att dette viktige leve og oppvekstområde i framtida.
4. Aurland kommune tilrår at det vert sett vilkår om årsikker vassføring i Vassbygdelvi, med fastsetting av minstevassføring. Og det må settast vilkår om at sideelva frå Midjedalen og bekkar i Vassbygdi, skal tilretteleggast som oppvekstområde for laks og sjøaure. Desse tiltaka vil gje grunnlag for at vassdraget blir eit viktig oppvekst og leveområde for laks og sjøaure i framtida.

Handsaming i Kommunestyret - 12.02.2026:

Det vart røysta over innstillinga frå formannskapet 04.02.2026

1.Aurland kommune tilrår at det vert sett vilkår for bygging av landbru over Kongshellersundet. Dette er eit tiltak som vil betra leveområde til villreinen i Nordfjella, slik at dei kan ta i bruk att dette viktige leve og oppvekstområde i framtida.

2.Aurland kommune tilrår at det vert sett vilkår om årsikker vassføring i Vassbygdelvi, med fastsetting av minstevassføring. Og det må settast vilkår om at sideelva frå Midjedalen og bekkar i Vassbygdi, skal tilretteleggast som oppvekstområde for laks og sjøaure. Desse tiltaka vil gje grunnlag for at vassdraget blir eit viktig oppvekst og leveområde for laks og sjøaure i framtida.

For forslaget stemte 17: Bjørn Ståle Vike (AP), Eli Kristin Stave (AP), Gro Anita Stentvedt (AP), Kjell Bøe Bjørgum (AP), Kjetil Turlid (AP), Per Are Flåm (AP), Tor Olavson Skjerdal (AP), Egil Hoff (H), Johannes Dalsbotten (H), Monica Finden (H), Noralv Distad (H), Per Olav Bøe (H), Unni Kristin Underdal (MDG), David Underdal (Sp), Eldrid Kringeland Grønsberg (Sp), Sigurd Vikesland (Sp), Terje Horvei (V).

Dermed blei innstillinga vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 12.02.2026:

1.Aurland kommune tilrår at det vert sett vilkår for bygging av landbru over Kongshellersundet. Dette er eit tiltak som vil betra leveområde til villreinen i Nordfjella, slik at dei kan ta i bruk att dette viktige leve og oppvekstområde i framtida.

2.Aurland kommune tilrår at det vert sett vilkår om årsikker vassføring i Vassbygdelvi, med fastsetting av minstevassføring. Og det må settast vilkår om at sideelva frå Midjedalen og bekkar i Vassbygdi, skal tilretteleggast som oppvekstområde for laks og sjøaure. Desse tiltaka vil gje grunnlag for at vassdraget blir eit viktig oppvekst og leveområde for laks og sjøaure i framtida.

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i formannskapet.

Saka skal avgjerast i kommunestyre.

Saka gjeld

NVE har sendt tilleggsutgreiing for revisjon av Aurlandsvassdraget på begrensa høyring. Dette gjeld tiltak for landbru over Kongshellersundet og produksjonsgrunnlag for laks og sjøaure i Vassbygdelvi.

Kommunedirektøren tilrår bygging av landbru over Konshellersundet, og tiltak for å forbetre Vassbygdelvi som leve- og oppvekstområde for laks og sjøaure.

Saksopplysningar

Bakgrunn

I 2022 vedtok NVE oppstart av revisjon av konsesjonsvilkår for Aurlandsreguleringa i Aurland og Hol kommunar. Sidan vedtaket vart fatta, har det vore ein lang og god prosess med mange innspel. Meir informasjon om vilkårsrevisjon, og innspel til prosessen, er å finne på NVE si nettside. Her er link: [Konsesjonssak - NVE](#)

Det ligg no føre ein tilleggsutgreiing, for revisjon av Aurlandsvassdraget. NVE har sendt den på begrensa høyring. Dette gjeld tiltak for landbru over Kongshellersundet og produksjonsgrunnlag for laks og sjøaure i Vassbygdelvi.

Aurland kommune har tidlegare gjeve uttale til revisjon av Aurlandsvassdraget, sjå vedlegg. Her er vedtak som ***kommunestyre fatta i møte 21.03.2024:***

«Aurland kommune legg til grunn at nye vilkår har ein god balanse mellom kraftproduksjon og tiltak som betrar miljøet i Aurlandsvassdraget.

Tiltak som har god effekt for å nå miljømål utan at det særleg grad fører til krafttap bør ha prioritet.

Aurland kommune legg til grunn at standardvilkår for vassdragsreguleringar også vert sett for Aurlandsvassdraget. Desse vil omfatta dei fleste tiltak for å oppretthalde eit akseptabelt vassmiljø, gjennom heimelen for å påleggja biologiske undersøkingar, utsetting av fisk både i vassdraga og i magasina, samt biotoptiltak for å auka overlevelse. I tillegg bør det ut frå eit miljøfagleg synspunkt, fastsettast akseptabel minstevassføring i vassdraga som tilrådd i rapportar som ligg til grunn for revisjonsdokumentet. Aurland kommune forventar at det i revisjonsarbeidet vert teke omsyn til Aurlandsvassdraget som leveområde for laks og sjøaure, samt vassmiljø og fjellaure i magasina. Det vert vist til fleire og utfyllande punkt i vurderinga i sakspapira i høve vassforskrifta, fisk og dyreliv som må ivaretakast.

Aurland kommune stiller seg bak krav i brev frå Nordfjella og Fjellheimen villreinnemnd og villreinutvalet for Nordfjella og ber om at hovudmomenta referert til i vurderinga vert teke med i vilkåra.

Det bør opprettast eit fiske-, vilt-, friluftsliv- og beitefond i kommunen som regulant/utbyggjar pliktar å årleg innbetale eit beløp til, i tillegg til at kommunen setter av ei årleg sum. Midlane kan nyttast til auka tilgjenge til fiske-, vilt-, friluftsliv og beiteressursane og kome ålmenta til gode.

Regulant/utbyggjar blir pålagt å innbetale eit beløp til eit villreinfond for tilretteleggingstiltak for villrein. Eit slikt fond bør også tilførast midlar frå andre partar i eit spleiselag. Dette vil sikre brei medverknad og oppslutning kring tilrettelegging, istandsetting og ivaretaking av leve- og trekkeområda til villreinen.

Aurland kommune syner elles til utfyllande punkt i vurdering i saksutgreiinga.

Aurland kommune er positiv til dei skisserte prosjekta for Låvi Kraftverk. Vilårsrevisjonen må sjåast i samanheng med oppgraderingsarbeid ved Nyhellerdammen og føreslegne tiltak i «Tiltaksplan for Nordfjella i samband med Kvalitetsnorm for Villrein» for å realisere landbru over Nyhellervatnet. Dette vil gjenopprette ei trekkerte for villreinen som vart sperra av neddemminga.

Reguleringa av Aurlandsvassdraget er viktig med tanke på flaumsikring. Overføring av vatn frå Vindedalselvi til Viddalsmagasinet kan redusere flaumfaren også i Flåmsvassdraget, og er difor eit tiltak som det bør arbeidast vidare med.

NVE må sørge for at vilkår i andre vilårsrevisjonar i det same villreinområdet må sjåast i samanheng når det gjeld framtidige krav og forventningar til utbyggjar/regulant.»

I samband med tilleggs utgreiing som no er på høyring, har Aurland kommune halde møte saman med Aurland elveeigarlag, Aurland jakt og fiskelag og Aurland Fjellstyre. Referat frå møte ligg ved.

I møte kjem det mellom anna fram fylgjande:

Landbru over Kongshellersundet

«Landbru, i form av ei fylling, over Kongshellersundet har vore eit tema heilt sidan planane for kraftutbygging vart lansert, og det er spelt inn som tiltak av fleire. Område kring Nyhellermagasinet var indrefillen for leveområde til villreinen, og oppfylling av dette magasinet har ført til store endringar for villreinstamma i området. Over tid syner registreringar at dette område var svært viktig for reinsjakta, med mange fellingar av dyr her.

Å få på plass ei landbru ved Kongshellersundet, vil føra til at villreinen kan ta i bruk att dette område på ein betre måte. Det er difor heilt rett som NaturRestaurering skriv i sin grundige og fagleg gode rapport: « *Landbru vil uansett være et tiltak som gir villreinen fleire muligheter, og er et positivt tiltak uavhengig av om turisthytter og stier/løyper flyttes eller ikkje*».»

«Økonomi

-i denne høyringa er det miljøtiltak som skal vurderast på nytt, og ikkje økonomi. Det kan difor ikkje leggst vekt på kostnader og tap av inntekt ved å gjennomføra dette tiltaket som er til det beste for villreinen sine leveområde. Denne kostnaden lyt regulanten akseptar, mot dei øydeleggingane utbygginga har ført til for natur og miljø i dette fjellområde.»

Produksjonspotensiale for laks og sjøaure i Vassbygdelvi

«Vassbygdelvi har ikkje pålagt minstevassføring, og vart nedprioriter under tidlegare vurdering og vilkår setting. Det er ein liten kostnad for regulanten å utføra tiltak som vil forbetra levekår og oppvekstmiljøet for fisken i dette vassdraget.

Viktig at dette vassdraget no får fokus for å betra tilstanden som leve og oppvekstområde for fisk. Vassdraget har ein tilnærma naturleg vassstemperatur, noko som fører til at det er svært viktig som oppvekstområde for fisk.

Aurland elveeigarlaget ber om 2000 m³/l minstevassføring. Dette vil føra til stor auke i smoltproduksjonen i vassdraget. For lite vatn i vassdraget, fører til store utfordringa for fisken, med mellom anna predatorangrep og turr elv.»

Sakshistorikk

Formannskapet sak 18/24 av 14.3.2024

Kommunestyre sak 19/24 av 21.3.2024

Vurdering

I Aurland kommune sin uttale til saka. meiner kommunedirektøren det er viktig å leggja vekt på moment som kjem fram i møtereferatet. Deltakarane på møte, har stor og god lokalkunnskap om aktuelle temaet.

Landbru over Kongshellersundet er viktig for å forbetra levekåra til villreinen i dette fjellområde. Det er ein liten pris for regulanten å ta denne kostnaden, for å betra på naturmiljøet her. Lokale fiskeinteresser er og villige til å ofra mulegheita til å nytta båt på Kongshellervatnet, dersom det vert bygd landbru som hindrar tilkomst med båt til dette vatnet. Då har og dei lokale tek sin del av byrden for å bygga landbru her.

For å få forbetra oppvekst og leveområde til lask og sjøaure i Vassbygdelvi, meiner kommunedirektøren det er rett at Aurland kommune krev at det vert sett krav om minstevassføring. Eit slikt krav vil ha liten betydning i det store bilete for regulanten. Miljøgevinsten vert stor, med sikker tilgang på vatn i vassdraget, med auka produksjon av fisk. Tiltak i nedre del av Løelva/Midjeleva og fleire kila i Vassbygdi, vil og auka

produksjonsgrunnlaget for laks og sjøaure i vassdraget. Desse tiltak har stor miljøgevinst og, i denne sammenheng, vil vera små.

Kommunedirektøren meiner framlagd tilråding i denne høyringa, er i tråd med tidlegare vedtak fatta av Aurland kommunestyre. Der det mellom anna var lagt vekt på at nye vilkår skal ha ein god balanse mellom kraftproduksjon, og tiltak som betrar miljøet i Aurlandsvassdraget.

Miljømessige konsekvensar

Føreslegne tiltak – landbru over Kongshellersundet, og tiltak for å forbetra leve og oppvekstområde for laks og sjøaure i Vassbygdelvi – har store positive konsekvensar for miljøet. Det er lagt til grunn at desse tiltaka er vurdert etter Naturmangfoldlova.

Kommunedirektøren si tilråding

1. Aurland kommune tilrår at det vert sett vilkår for bygging av landbru over Kongshellersundet. Dette er eit tiltak som vil betra leveområde til villreinen i Nordfjella, slik at dei kan ta i bruk att dette viktige leve og oppvekstområde i framtida.
2. Aurland kommune tilrår at det vert sett vilkår om årsikker vassføring i Vassbygdelvi, med fastsetting av minstevassføring. Og det må settast vilkår om at sideelva frå Midjedalen og bekkar i Vassbygdi, skal tilretteleggast som oppvekstområde for laks og sjøaure. Desse tiltaka vil gje grunnlag for at vassdraget blir eit viktig oppvekst og leveområde for laks og sjøaure i framtida.

Vedlegg

- | | |
|-------|--|
| 3. 1 | 4. Vilkår for Aurlandsreguleringen – begrensa høyring - innspelsmøte 6.januar 2026_2 |
| 6. 2 | 7. Saksprotokoll Uttale - Regulering av Aurlandsvassdraget - revisjon av konsesjonsvilkår |
| 9. 3 | 10. Avgrensa høyring - tilleggsutredninger til revisjonsdokumentet for Aurlandsvassdraget - landbro for villrein og produksjonsgrunnlaget for laks og sjøørret i Vassbygdielvi |
| 12. 4 | 13. Hafslund - tilleggsutredning - Aurland |